Bømlo kommune

Driftige folk i vakker natur!

KONKURRANSEGRUNNLAG

OPEN ANBODSKONKURRANSE

ETTER FORSKRIFTA SIN DEL I OG III

FOR ANSKAFFING AV VINTERVEDLIKEHALD AV KOMMUNALE VEGAR OG PLASSAR

SAK 2026/800

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Bømlo kommune. Nærare opplysningar om oppdragsgjevar og kontaktperson går fram av konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV).

All kommunikasjon med oppdragsgjevar skal skje skriftleg gjennom oppdragsgjevar sin KGV. Dette gjeld også eventuelle spørsmål og svar. Det skal ikkje vere kontakt/ kommunikasjon med andre personar hjå oppdragsgjevar når det gjeld denne konkurransen enn ovanfor nemnde kontaktperson.

1.2 Anskaffinga sitt føremål og omfang – Skildring av oppdraget

Føremålet for anskaffinga er å få på plass avtale om vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar. Avtalen vil gjelda for følgjande roder:

1. Langevåg – Holme
2. Finnås – Oldereid – Hestanes
3. Moster – Spissøy – Siggjarvåg
4. Mæland – Fylkesnes – Ersland – Folderøy
5. Innvær – Rubbestadneset – Rolfsnes

Oppdragsgjevar gjer merksam på at det kan bli gjennomført mindre justeringar av rodene gjennom konktraktsperioden.

Bømlo kommune har som mål å inngå kontrakt(-er) med ein eller fleire leverandørar for å dekka behovet for nemnde tenester.

Kontrakt er planlagd å gjelda for perioden 01.11.2026 – 31.10.2032. Dei fire første åra er faste, og dei neste to åra er gjensidig opsjon på 1+1 år for begge partar. Opsjonen blir utløyst automatisk med mindre ein av partane skriftleg melder om noko anna. Slik melding må i så fall skje seinast seks månader før kontrakt går ut. Opsjonane blir utløyst for eitt år om gongen.

Omfanget av anskaffinga er stipulert til om lag 2.000.000,- per år for alle rodene samla. Dette er basert på Bømlo kommune sine eigne økonomidata. Stipulert omfang er eit estimat, og oppdragsgjevar er ikkje bunden av denne. Maksimal totalramme for heile perioden inklusive alle opsjonar og eventuell prisstigning er NOK 15.000.000,-.

Ei fullstendig skildring av leveransen går fram av kravsspesifikasjonen («Bømlo kommune Standard for drift og vedlikehald av kommunale vegar» og «Instruks for vintervedlikehold av kommunale veger og plasser»), skildring av rodene, samt rodekart 1-5.

1.3 Kontraktsvilkår

Kontrakten blir regulert av vilkåra i Bømlo kommune sin generelle kontrakt for leveranse av tenester, spesielle kontraktsvilkår for denne anskaffinga, Bømlo kommune sin standard for drift og vedlikehald av kommunale vegar, og instruks for vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar.

Med omsyn til tidlegare konkurranse, så er det gjort følgjande endringar i «Spesielle kontraktsvilkår – Vintervedlikehold»:

- Punkt 6 «HMS»: *«Det blir stilt krav om gjennomført Arbeidsvarslingskurs (Kurs 1).»*
- Punkt 17.3 «Fakturering»: *«Med henvisning til punkt 4.2 i «Generelle kontraktsvilkår når varer og tjenester anskaffes» om regulering av pris skal følgende gjelde for denne kontrakten: Prisene kan tidligst reguleres etter første avtaleår. Prisene reguleres på bakgrunn av siste 12 måneders endring i følgende SSB-indeks: 08660 Kostnadsindeks for drift og vedlikehold av veger/ Vinterdrift av veger.»*

1.4 Deltilbod

Leverandørar har høve til å gje tilbod på delar av oppdraget. Leverandør kan gje tilbod på ein eller fleire roder. Leverandør fyller ut Vedlegg 4 – Prisskjema, og kryssar av i Vedlegg 1 – Tilbodsbrev for dei rodene som tilbodet gjeld for. Kvar rode blir vurdert kvar for seg og tildeling vil skje til det beste tilbodet for kvar rode i tråd med tildelingskriteria opplyst om i punkt 5.

1.5 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	07.08.2026 kl. 12.00
Frist for å levere inn tilbod	14.08.2026 kl. 12.00
Tilbodsopning	Etter tilbodsfrist
Evaluering	Veke nr. 34 og 35
Val av leverandør og underretning til leverandør	Veke 35/36
Avslutning av karensperiode	Blir opplyst om i tildelingsbrev
Kontraktsinngåing	Etter karensperioden
Frist for vedståing av tilbodet	60 dagar

Leverandørane blir med dette gjort merksame på at tidspunkta etter opning av tilboda er førebelse. Ei eventuell forlenging av frist for å vedstå tilbod berre kan skje med leverandøren sitt samtykke.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga vil bli gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) av 12. august 2016 nr. 974 Del I og III. Tildeling av kontrakt vil bli gjennomført etter prosedyren open anbodskonkurranse, jamfør FOA § 13-1 første ledd.

I denne konkurransen er det ikkje høve til å forhandla. Det er såleis ikkje høve til å endra tilbod etter at fristen for å levere inn tilbod har gått ut.

Leverandørane blir vidare gjort merksame på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta skal avvisast etter FOA § 24-8 første ledd, bokstav a. Oppdragsgjevar kan avvisa tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklåre forhold eller liknande som ikkje er ubetydelege, jamfør FOA § 24-8 andre ledd, bokstav a.

På bakgrunn av det ovanfor nemnde, blir difor leverandør oppfordra på det sterkaste å følgje instruksane som blir gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stiller spørsmål dersom noko er uklårt. Tilbodet skal utarbeidast etter dei retningslinjer som er gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og skal leverast elektronisk ved bruk av oppdragsgjevar sin KGV.

2.2 Krav til løns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om løns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

2.3 Krav til lærlingar

Kontrakten vil ikkje innehalde krav om bruk av lærlingar i samsvar med forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar av 17. desember 2016 nr. 1708. Grunngjevinga er at eit slikt krav ikkje vil stå i forhold til den konkrete anskaffinga sin art og omfang, jamfør LOA § 4.

2.4 Skatteattest

Den valde leverandøren skal på førespurnad legge fram skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld likevel berre dersom den valde leverandøren er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere tilbod.

2.5 Offentleglova og forvaltningslova – teieplikt m.m.

For ålmenta sitt innsyn i dokument til ei offentleg anskaffing gjeld offentleglova av 19. mai 2006 nr. 16. Oppdragsgjevar og oppdragsgjevar sine tilsette plikter å hindra at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold som det av omsyn til konkurranse vil ha betydning å halde hemmeleg. Det blir vist til FOA § 7-4, jamfør forvaltningslova av 10. februar 1967 § 13.

2.6 Vedståingsfrist

Leverandøren må stå ved sitt tilbod til det tidspunkt som går fram av punkt 1.5 ovanfor.

2.7 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga i KGV.

2.8 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklårt, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar frå oppdragsgjevar via KGV.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, blir det bede om at dette blir informert om til oppdragsgjevar via KGV.

2.9 Avlysing av konkurranse

Oppdragsgjevar kan avlyse heile eller delar av konkurransen eller forkaste alle tilbod dersom det ligg føre ein sakleg grunn. Sakleg grunn kan mellom anna vera at kostnadane på heile eller delar av prosjektet blir høgare enn det som det er budsjettert for.

2.10 Klima- og miljøomsyn

Oppdragsgjevar vil ikkje stille klima- og miljøkrav i denne konkurransen. Unntak frå føresegna om klima- og miljøkrav blir grunngjeve med at slike krav ikkje vil stå i forhold til den konkrete anskaffinga sin art og omfang. I tillegg vil slike krav kunne komme i konflikt med prinsippet om konkurranse. Det blir vist til § 4 i lov om offentlege anskaffingar.

3 DET EUROPEISKE EIGENFRÅSEGNSSKJEMAET (ESPD)

3.1 Generelt om ESPD

Som ein førebels dokumentasjon på at kvalifikasjonskrava er oppfylt, at det ikkje ligg føre grunnlag for avvising, og at eventuelle utvalskriterium er oppfylt, skal

leverandøren fylle ut vedlagte ESPD skjema. Skjemaet skal leverast saman med tilbodet. Den eller dei leverandørane som blir innstilt å gjera kontrakt med, må før kontrakt blir gjort dokumentera at kvalifikasjonskrava er oppfylt i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrava.

Oppdragsgjevar kan på kvart eit tidspunkt i konkurransen be leverandørane levere alle eller delar av dokumentasjonsbevisa dersom dette er naudsynt for å sikra at konkurransen blir gjennomført på ein korrekt måte. Det blir vist til FOA § 17-3 tredje ledd.

Dersom fleire leverandørar deltek i konkurransen i fellesskap, skal dei deltakande leverandørane levere inn separate eigenfråsegn.

3.2 Nasjonale avvisningsgrunnar

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunnar, seksjon D: «Andre avvisningsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivningen i oppdragsgiverens medlemsstat» -

Dei norske reglane for anskaffing går lenger enn kva som følgjer av grunnlaga for avvising som går fram av EU sitt direktiv om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det blir difor presisert at i denne konkurransen så gjeld og alle grunnlaga for avvising i FOA § 24-2, inkludert dei reint nasjonale grunnlaga for avvising.

Følgjande grunnlag for avvising i FOA § 24-2 er reint nasjonale:

- § 24-2 andre ledd: I denne føresegna er det bestemt at oppdragsgjevar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedteke eit førelegg for dei aktuelle straffbare forholda. Kravet til at oppdragsgjevar skal avvise leverandørar som har vedteke førelegg for dei aktuelle straffbare forholda er eit særnorsk krav.
- § 24-2 tredje ledd, bokstav i: Grunnlaget for avvising i ESPD skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, mens den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan føre til tvil om leverandøren sin integritet knytt til yrke.

3.3 Samla erklæring for alle kvalifikasjonskrav i ESPD skjemaet

For denne konkurransen kan leverandørane i ESPD skjemaet gje ei samla fråsegn om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som går fram av dette konkurransegrunnlaget. Dette blir gjort i Del IV seksjon a i ESPD skjemaet.

4 KVALIFIKASJONSKRAV

4.1 Eigenfråsegn

For å kunne få sitt tilbod evaluert, må leverandøren fylle ut det elektroniske eigenfråsegnskjemaet (ESPD) om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er lista opp i punkta nedanfor.

4.2 Leverandørens registrering, autorisasjon m.v.

KRAV: Leverandøren skal vera registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller registrert i eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

DOKUMENTASJON: Norske selskap skal legge fram firmaattest. Utanlandske selskap skal dokumentere at dei er registrert i eit register som svarer til eit norsk føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten som leverandøren er etablert.

4.3 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet

KRAV: Leverandøren plikter å halde ansvarsforsikring

DOKUMENTASJON: Forsikringsbevis

4.4 Skatteattest

KRAV: Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift.

DOKUMENTASJON: Skatteattest som ikkje er eldre enn seks månader. Dokumentet kan ein få hjå Skatteetaten på www.altinn.no. Utanlandske leverandørar skal legge fram tilsvarande attest frå tilsvarande styresmakt i sitt heimland.

4.5 Leverandørens faglege og tekniske kvalifikasjonar

KRAV: Leverandøren skal ha erfaring som er relevant for vintervedlikehald av vegar. Relevant erfaring treng ikkje vera konkret knytt til vintervedlikehald, men erfaringa må ha naudsynt overføringsverdi for vintervedlikehald.

DOKUMENTASJON: Skildring av leverandøren sin relevante erfaring på eige ark – maksimalt 2 A4-ark. Leverandøren har høve til å opplyse om referansepersonar. Dersom leverandør ikkje har konkret erfaring med vintervedlikehald, må leverandør vise korleis aktuell erfaring har naudsynt overføringsverdi for vintervedlikehald.

4.6 Underleverandørar

Leverandøren kan for denne kontrakten støtte seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, jamfør FOA § 16-3, og tekniske og faglege kvalifikasjonar, jamfør FOA § 16-5.

Dersom ein leverandør støttar seg på kapasiteten til andre verksemder, skal leverandøren dokumentere at han råder over dei naudsynte ressursane i desse verksemdene, jamfør FOA § 16-10. Dette kan for eksempel bli gjort gjennom ei fråsegn om forplikting.

Det skal i tillegg leverast inn eigne ESPD skjema for aktuelle underleverandørar.

5 TILDELINGSKRITERIER

5.1 Oversikt over tildelingskriteria

Klima- og miljøomsyn blir ikkje brukt som tildelingskriterium etter FOA § 7-9 andre ledd. På bakgrunn av dette vil oppdragsgjevar tildele kontrakt på grunnlag av det tilbodet som har den lågaste prisen.

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
Pris – under dette kriteriet blir prisen vurdert.	100 %	Ferdig utfylt Vedlegg 4 - Prisskjema

5.2 Generelt om prising

Prisane som leverandør gjev, skal inkludera arbeida som er spesifisert i konkurransegrunnlaget med vedlegg, samt ytingar og kostnader av kvar ein art som er naudsynt for å utføra arbeidet i samsvar med dei krav som går fram av konkurransegrunnlaget med vedlegg, og elles på ein forsvarleg måte.

Leverandør skal ikkje rekna ut overtid-, natt-, helge- eller helligdagstillegg særskilt. Alle slike kostnader skal vera inkludert i dei prisane som leverandør gjev tilbod om.

Godtgjersle for beredskap skal opplysast om som ein fast pris per sesong. Summen blir ikkje påverka av det faktiske omfanget av arbeidet.

Det skal gjevast ein pris per maskin med utstyr og førar for brøyting og strøing. Prisane skal reknast ut per time inkludert alle relevante kostnader, personell og materiell.

Merknad: Utrekningsgrunnlaget i prisskjemaet («Beregningsgr.l.») er basert på gjennomsnittstal vi har henta frå kommunens økonomidata, og er såleis berre meint

brukt til evarlueringsføremål. Grunnlaget representerer såleis ikkje utan vidare eit forventa tal per år. Tal på timar vil i stor grad kunne variera frå sesong til sesong.

6 INNLEVERING AV TILBOD

6.1 Utforming av tilbodet

Tilbodet skal leverast via oppdragsgjevar sin KGV.

Tilbodet skal i sin heilskap bli levert etter den utforminga som går fram av disposisjonen nedanfor, og innan tilbodsfristen. Innlevering av tilbod via e-post eller liknande vil føre til avvising av tilbodet. Tilbodet skal vere bindande. Leverandøren har risikoen om tilbodet er uklårt. Disposisjonen som skal følgjast ved innlevering av tilbod er som følgjer:

Dokument	Innhald	Vedlegg
Eigenfråsegn	Utfylt ESPD erklæring om at leverandøren oppfyller alle kvalifikasjonskrav for å delta i konkurransen	ESPD skjema fylt ut i KGV
Tilbodsbrev	Tilbodsbrev med forpliktande underteikning	Vedlegg 1
Leverandørens atterhald og avvik	Utfylt skjema for eventuelle atterhald og avvik	Vedlegg 2
Eigenrapporteringsskjema, lønns- og arbeidsvilkår	Utfylt eigenrapporteringsskjema	Vedlegg 3
Tildelingskriterium pris	Utfylt prisskjema	Vedlegg 4

Leverandøren skal fylle ut og svare ut alle punkta i konkurransedokumenta. Dokumentasjonen skal lastast opp som Pdf-filer dersom ikkje anna format er spesifisert. Prisark skal lastast opp som Excel-fil.

6.2 Elektronisk signatur

Oppdragsgjevar rår til at leverandørane nyttar seg av elektronisk signatur for å autentifisera seg ved innlevering av tilbod. Elektronisk signatur kan eventuelt bestillast på www.commfides.com, www.buypass.no eller www.bankid.no.

7 VEDLEGG

- Vedlegg 1: Tilbodsbrev
- Vedlegg 2: Atterhald
- Vedlegg 3: Eigenrapporteringsskjema
- Vedlegg 4: Prisskjema
- Vedlegg 5: Generelle avtalevilkår

- Vedlegg 6: Særskilte avtalevilkår
- Vedlegg 7: Bømlo kommune Standard for drift og vedlikehald av kommunale veger
- Vedlegg 8: Instruks for vintervedlikehald av kommunale veger og plassar
- Vedlegg 9: Rodeskildring 2026 – 2032
- Vedlegg 10: Rodekart 1 Langevåg – Holme
- Vedlegg 11: Rodekart 2 Finnås – Oldereid – Hestanes
- Vedlegg 12: Rodekart 3 Moster – Spissøy – Siggjarvåg
- Vedlegg 13: Rodekart 4 Mæland – Fylkesnes – Ersland – Foldrøy
- Vedlegg 14: Rodekart 5 Innvær – Rubbestadneset - Rolfsnes